

Stord, mai-26

Venskapsarbeid – ekte solidaritet i praksis

Langsiktig venskapsarbeid gir resultat.

Spør ambassaden vår i Mexico, spør utanrikskomiteen som sist år var i Mellomamerika, spør Kjell Magne Bondevik som fekk vera med og underteikna fredsavtalen i 1996, -spør Kirkens Nødhjelp og Petter Skauen,- spør venskapskomiteane til Fredrikstad og Stord i Guatemala

Venskapsarbeid gir resultat, men det er sårbart fordi fleire tilskotsordningar er tekne bort. Me ønskjer at noko enkelt vert gjort med det.

Når me no ser endå ein gong kva utvklingsmidlar/ bistandsbudsjettet har blitt brukt til av personlege nærast «gåver» og bortkasta, dyre prosjekt i mange land, så vert desse tilskota til venskapsarbeidet me eingong kunne søkja på mikroskopiske.

Gratulerer med «Vendepunkt» og med å sjå på bistandsbudsjettet med nye auge. Vi håpar også vår stemme blir høyrte.

Venskapsarbeid

I over 35 år har Stord kommune hatt eit levande og forpliktande venskapsarbeid med San Juan Comalapa i Guatemala. Dette har ikkje vore eit symbolsk forhold, men eit konkret og levande samkvem og samarbeid prega av gjensidig respekt, kulturutveksling og utvikling gjennom rollelæring.

Gjennom desse åra har mange enkeltpersonar, ordførarar, organisasjonar og institusjonar på Stord engasjert seg. Stord vidaregåande skule har i fleire år samla inn over 100.000 kroner som gir utdanningsstipend til ungdom i Comalapa – ungdom som elles ikkje ville hatt moglegheit til å gå på skule. Det har også vore elevutveksling begge vegar, og mange unge har fått innsikt i andre levemåtar og utfordringar og dermed eit heilt anna perspektiv på eige liv og framtid.

Resultat

Dette venskapsarbeidet handlar ikkje om pengestønad – det handlar om likeverdig samarbeid. Vi har sett tydelege ringverknader i Comalapa: Framvekst av musikkskular og kulturytringar, betre kommuneadministrasjon, styrka

menneskerettar og auka deltaking i lokaldemokratiet. På Stord har vi fått perspektiv på egne verdiar og utfordringar – og ikkje minst forståing for korleis personlege relasjonar kan byggja bruer mellom folk.

Av prosjekt gjennom desse åra kan nemnast:

- Fredskorpsutveksling over fleire år innan fag som helse, miljøvern, musikk, utdanning
- Utveksling av brev og teikningar mellom barneskular
- Mic-prosjektet i regi av Kommunenes sentralforbund
- Musikkonferanse i Antigua i 2006 (med støtte frå norsk DU) som m.a. resulterte i Aula Musical Programa Pentagrama, ein musikkskule og eit barne-og ungdomsorkester i Comalapa
- Skogplantingsprosjekt

Agenda 2025-2027

Utvikla jarnprosjektet: Mange i Guatemala lir under jarmangel på grunn av einsidig kosthald. Her finns det eit godt og billeg botemiddel som er under introduksjon.

Etablera elevkontaktar mellom skular: Det er alt utveksla brev og helsingar mellom undomsskuleklassar på Stord og i Guatemala. På Stord er dette ekstra motiverande for dei som har spansk på timeplanen.

Finansiering

Fundamentet for dette arbeidet er nettopp det menneskelege møtet. Det er når folk møter folk at endring skjer – både her heime og ute. Difor er det avgjerande at venskapsarbeidet får vilkår som gjer det mogleg å vidareføra dette engasjementet. Delegasjonsreiser, der representantar frå kommunen, venskapskomiteen og lokalsamfunnet møtest, har vore ein berebjelke. Dette er ikkje «sponsa» feriereiser til eksotiske strøk, men representasjonsreiser der ingen kjem tilbake utan å ha kjent på endring! Men i dag er reisekostnadene høge, og utan støtte må mange takka nei. Kommuneøkonomien tillet òg berre eit minimum til drift.

Før fanst det ein nasjonal paraplyorganisasjon – Vennskap Nord/Sør – som gjorde det mogleg å søka stønad til reise frå Sør. Dei fekk eit årleg beløp frå NORAD. Etter at dette forsvann, har venskapsarbeidet blitt meir økonomisk sårbart. Stord kommune løyver no 25.000 kroner årleg til venskapsarbeidet – noko som knapt dekkjer informasjonsarbeidet. Ei delegasjonsreise kostar i dag rundt 25.000 kroner per deltakar, og eigenbetalinga stenger mange ute.

NOREC

No veit me at NOREC fekk overført ein del roller og ikkje minst pengar for å driva utvikling i mange land,- inkludert Guatemala. Dei er engasjert i mange prosjekt over heile verda og gjer visseleg ein flott jobb.

Likevel vil me hevda at den langvarige kontakten me har hatt med venskapsbyen og tillitsrelasjonane der, er eit minst like godt utgangspunkt for utvikling. Norec er derfor ikkje ein fullgod erstattar, men eit viktig supplement.

Kva som skal til:

Vi meiner det er på tide å oppgradera venskapsarbeidet og motivera til å utvikla dette for nye og etablerte relasjonar. I ein norsk bistandskvardag som i stor grad handlar om statsstøtta organisasjonar og institusjonelle samarbeid, treng vi òg rom for den personlege kontakten, dei frivillige initiativa og dei levande relasjonane mellom folk. Utviklingshjelp har mange fasettar – og ikkje alle skin like mykje. Men dei er like viktige.

Vi ønskjer oss ei statleg støtteordning gjennom eitt eller anna statleg organ som gjer det mogleg for venskapskommunar i heile landet å vidareføra sitt arbeid. Med små midlar kan ein utløysa stort engasjement, og bidra til eit mangfaldig og folkeleg utviklingsarbeid – for framtida og for nye generasjonar

Venleg helsing Venskapsstyret Stord-Comalapa